

Satsingsområde leik

LEIK:

Dette året vil me også setje i gang med prosjektet leik. Dette er eit felles fokus for heile Hallingdal og me kjem til å ha ein del personalmøte felles for Ulsåk og Tuv barnehage. Her vil me bruke UDIR si kompetansepakke. Målet med kompetansepakka er å byggje opp under kollektiv kompetanseutvikling i barnehagen, og sikre at heile personalgruppa kan auke kompetansen i arbeidet med leik i barnehagen.

«Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek - alene og sammen med andre.» (Rammeplan 2017).

I dette arbeidet vil me ha fokus på leikens verdi, vaksenrolla og eit innbydande leikemiljø både ute og inne. Her vil me etter kvart også invitere føresette til å bidra gjennom å felles byggje opp gode uteområde som innbyr til eit innbydande og allsidig leikemiljø.

